



KOMMUNAL- OG MODERNISERINGS-  
DEPARTEMENTET  
Postboks 8112 DEP  
0032 OSLO

Dato: 19.05.2016  
Vår ref.: 2016/4814-2  
Saksbehandlar: nilvetl  
Dykkar ref.:

## **Oppdatering av kriteriet "innbyggjarar busette spreitt" i inntektssystemet for fylkeskommunane**

Hordaland fylkeskommune viser til brev frå Kommunal og regionaldepartementet av 9. mai 2016 om oppdatering av kriteriet «innbyggjarar busette spreitt» i inntektssystemet for fylkeskommunane. Det går fram av departementet sitt brev at ein ved utrekning av rammetilskotet for fylkeskommunane for 2017 vil leggja til grunn oppdaterte tal pr. 2015.

I brevet frå departementet vert det vist til korrespondanse i 2015 om oppdatering av dette kriteriet, der det er nemnt at endringa vil vera dramatisk for Hordaland fylkeskommune. Dette er tilfelle også eit år seinare. Det negative utslaget av kriterieoppdateringa frå 2016 til 2017 vert over 40 mill. kr når ein legg til grunn KS sin modell for utrekning av utgiftsbehov.

Bakgrunnen for det store utslaget er at heile 44,4% av endringa i talet på «innbyggjarar busette spreitt» gjeld Hordaland. Reduksjonen er 16 780 personar i Hordaland av ein samla reduksjon på 37 799 på landsbasis – med reduserte inntekter på vel 40 mill. kr som resultat for Hordaland fylkeskommune. Utslaga for dei andre fylkeskommunane er naturleg nok avgrensa, ettersom 55,6 % av endringa er fordelt på dei 18 andre fylkeskommunane.

Departementet viser til at det no er nytta digitale kartdata for å avgrense tettstader slik at ein får meir presis avgrensing mellom tettbygde og spreittbygde areal. Det vert vist til at det i statistikken er oppretta ein del nye tettstader – særleg i kommunane rundt Bergen.

Som nemnt, er ein inntektsnedgang på over 40 mill. kr frå eit år til neste dramatisk for Hordaland fylkeskommune.

Effekt av nytt inntektssystem frå 2015 for Hordaland fylkeskommune var ein reduksjon på 56 mill. kr, men denne reduksjonen er omfatta av overgangsordninga på 5 år. Endringa i kriteriedata som no kjem, med utslag på over 40 mill. kr – eller 2/3 av reduksjonen for nytt inntektssystem – slår rett inn utan overgangsordning, noko fylkeskommunen vanskeleg kan leva med.

Fylkesutvalet i Hordaland har drøfta brevet frå departementet i møte 19. mai 2016. Hordaland fylkesutval ber departementet ta omsyn til det store utslaget kriterieoppdateringa gjev for ein einskild fylkeskommune i det vidare arbeidet med utforming av kommuneopplegget for 2017. Overgangsordning for innføring av kriteriet eller avbøtande særtilskot må vurderast i denne samanhengen.

Anne Gine Hestetun  
fylkesordførar

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Kopi: Statssekretær Tom-Christer Nilsen

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*